



Det var tett med tilhørarar på det timelange føredraget Lars Nerhus heldt under båtbyggjardagen i Ølve sundag. (Foto: Terje Øen)

Vellukka båtbyggjardag i Ølve

Søndag inviterte kulturnemnda i Ølve til båtbyggjardag i det nye skipsbyggjarmuseet på Øyra i Ølve. Over 120 interesserte personar møtte for å få med seg programmet.



Mari Mehl
mari@grenda.no

24 august, 2017

Folk frå Åkra, Sunde, Rosendal, Hatlestrand og Tysnes var imponert over kva dei hadde å visa fram av historie og gamle gjenstandar på Øyra. Grunneigar Lars Nerhus fortalde om fartøybygginga i gamle dagar, og heile 78 personar hørde det timelange føredraget hans.

– Det var langt over forventning at det kom så mange. Vi var heldige med vêret, og det var ei utruleg fin stemning i fjæra, seier Nerhus.

Han syntest det var særleg stas at Tysnes Kystlag kom med to gamle båtar i høve dagen. Elles fekk dei besøk av kutteren «Amla av Florø» på 65 fot. Båten er eit nybygg basert på ein kutter som var bygd på Øyra i 1929. «Amla» hadde open båt, slik at dei som ville kunne sjå seg om i lystbåten.

– Det var ei staseleg skute, seier Nerhus.

Gunnar Teigland, Olav Høgestøl og Bjarte Nerhus sytte for fin musikk under deler av arrangementet. Borna koste seg i «Båtbyggeriet» der dei fekk laga sine egne båtar som dei kunne sigla med i det store bassenget som var sett opp. Dei borna som ville fekk og vera med Tysnes Kystlag på ein liten båttur i Ølvesvika.

– Det kjem til å bli fleire slike arrangement, lovar Nerhus.




Anbefal 14 personer har anbefalt dette. Vær den første av vennene dine.



Mest leste saker

- Kvinnhering vart Extra-millionær
- Fire forenkla førelegg
- – Kosar oss med naturen
- Nye eigarar på Handeland



13 venner liker dette

